

Strategi 2023–2028

Vedteke 27.9.2022

Visjon:

**Nynorsk for hovud og
hjarte til heile landet**

Hovudmål:

1. *Samlingane våre er registrert og publisert på nett*
2. *Minneintervju og foto dokumenterer samtida*
3. *Fleire tilsette publiserer forskning, og me samarbeider med forskarar om meir forskingsbasert formidling*
4. *Tilbodet på arenaene, på turné og digitalt er godt tilpassa målgruppene*
5. *Me deltek i strategiske samarbeid med nasjonale og regionale aktørar for å styrkje nynorsk skriftkultur*
6. *Mangfaldsplakaten er eit dagleg arbeidsverktøy*

Verdiar:

**Samlande
Kreativ
Påliteleg**

Samfunnsoppdrag:

**Me aukar kunnskapen
og medvitet om nynorsk
skriftkultur**

Føremålet

«Den ideelle stiftinga arbeider for nynorsk skriftkultur. Med utgangspunkt i føremålet skal stiftinga drive vitenskapleg og kulturfagleg aktivitet som aukar kunnskapen og medvitnet om nynorsk skriftkultur nasjonalt og internasjonalt. Det gjer museet gjennom dokumentasjon, forvaltning, forskning, formidling, fornying og politisk påverknadsarbeid.»

Frå vedtektene for Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, 26.2.2021

Verdiane

Samlande	Kreativ	Påliteleg
Me er samlande for alle som arbeider for og med nynorsk i heile landet Me er på tre arbeidsstader, men er éin samla organisasjon Me fremmer dialog og diskusjon Det skal vere låg terskel for å delta på våre tilbod, både fysisk og på nett	Me har fridom til å tenkje nytt og kreativt Me finn nye koplingar og kreative løysingar Me er ein fleksibel organisasjon Me er opne for nye samarbeid Me er alltid på jakt etter ny kunnskap om fortida, er med på å forme samtalen om samtida og tenkjer høgt om framtida Me nyttar kunnskapen vår til å kople det lokale med det nasjonale og det globale	Det me formidlar er forskings- og kunnskapsbasert Me har tydelege og rettvisse rammer som arbeids- og oppdragsgjevar Me er saktelege og tydelege når me deltek i samfunnsdebatten Me har berekraftig drift av organisasjonen vår

Suksessfaktorane

Mål	Måleindikatorar
1-3 Samling og forskning	<u>Tal</u> Del av dei registrerte museumssamlingane som er digitalisert og publisert Del av arkivsamlingane som er registrert og publisert Innsamla, transkriberte og publiserte minneintervju Tilsette med forskningstid Førstekompetente som har gitt råd om utstillingar, turnear, festivalar <u>Handlingar</u> Etablering av teneste og rutinar for dokumentasjonsfoto av frivillige
4 Formidling	<u>Tal</u> Barnehagebarn og skuleelevar per steg og per arena/ turné Prosjekt med samskaping per målgruppe Prosjekt med medverknad/ fokusgruppe per målgruppe <u>Handlingar</u> Nettsidene og sosiale medium-kanalar blir evaluert kvart 2. år for å nå målgrupper og interessentar
5-7 Samarbeid og utvikling	<u>Tal</u> Kommunar med vandreutstilling/ arrangement Lesar- og publikasjonstal på nynorsk i Store norske leksikon Del av Administrativ handbok som er revidert for å ta omsyn til klima/miljø, universell utforming og personell. Vurdert til minst «tilfredsstillande» i Kulturrådet sine evalueringar Eigenkapital i prosent av årlege driftskostnader <u>Handlingar</u> Årleg styresak om den politiske stoda for nynorsk skriftkultur Alle styresaker vurderer konsekvensar for økonomi, klima/miljø, universell utforming og personell. All planlegging og alle prosjekt byrjar med gjennomgang av mangfaldsplakaten

Hovudmålgruppene

Vaksne som går ofte på kulturarrangement, bibliotek og museum	7-åringar med nynorsk som førstespråk	16-åringar med nynorsk som førstespråk
---------------------------------------------------------------	---------------------------------------	----------------------------------------

Strategiane og langtidsplanane

Strategiar	Langtidsplanar
Kommunikasjonsstrategi Personalstrategi Språkpolitisk strategi Mangfaldsstrategi Formidlingsstrategi Klima- og miljøstrategi	Samlingsforvaltning Forsking Digital formidling Turnear og vandreutstillingar Utstillingar og arrangement på arenaene Økonomi og administrasjon Drift og vedlikehald